

# Kyrkje klokka

Nr 4 - 2023

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

87. årgang



Slekt  
skal følge  
slekters  
gang



Ei strime av von




50-års jubileum  
Nordsida kyrkje  
9. desember 2023




No startar  
kvardagen i dei nye  
kyrkjelege råda



Bladpengar 2024



Advent 2023



Min salme



Brevet



# Sjå tusen julelys

Tekst: Emmy Köhler/Halldis Moren Vesaas  
Melodi: Emmy Köhler

*Sjå tusen julelys blir kveikt  
på jord i denne stund,  
og tusen andre strålar og  
på djupblå himmel grunn.*

*Og over by og land i kveld  
den glade bodskap går,  
at Herren Jesus Krist er fødd,  
den kjære frelsar vår.*

*Du stjerne over Betlehem,  
å, lat din sæle fred  
få lysa inn i kvar ein heim  
og i kvart hjarte med.*

*Ja, i kvart hjarte armt og mørkt  
send du ein stråle blid,  
ein stråle av Guds kjærleiks lys  
i signa juletid.*

Emmy Kristina Köhler (født Welin 22. mai 1858 i Stockholm, død 2. februar 1925 i Fresta) var en svensk lærer, forfatter og komponist. Hun er best kjent for salmen Nå tennes tusen julelys.

Halldis Moren Vesaas (fødd 18. november 1907 i Trysil, død 8. september 1995 i Oslo) var lyriker og gjendiktar. Ho er ein av dei mest lesne, mest sittende og mest folkekjære forfattarane i norsk lyrikk sidan Henrik Wergeland og Bjørnstjerne Bjørnson.

12. april 1934 vart ho gift i Trysil med forfattar Tarjei Vesaas (1897–1970). Ho omsette denne svenske salmen, Nå tennes tusen julelys, til nynorsk.





Biskop i Bjørgvin Ragnhild Jepsen

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne julen med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor julen ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at julen blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste julen lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det

## Ei strime av von

Av biskop Ragnhild Jepsen

guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt,

ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strikke.

Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljós i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste julen fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, löyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørge, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram. Det sårbarre barnet i krubba synte seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste julen var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den mest løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona er komne til verda.

*Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.*



## Mange har ikke råd til å feire jul

Forskjellene i Norge øker. Flere familier må velge mellom mat eller julegaver.

Du kan hjelpe!



Gi en julegave på **vipps 13130**



Hjelpeorganisasjons



## Kirkens Nødhjelps juleønske

### Kirkens Nødhjelps juleønske

- \* Vi ønsker oss en fredelig verden.
- \* Vi ønsker oss en lysere fremtid for alle som opplever vold, krig og urett.
- \* Vi ønsker oss rent vann til de 771 millioner mennesker som mangler det.
- \* Vi ønsker oss at alle barn skal ha samme muligheter og rettigheter uansett hvor de fødes i verden.
- \* Vi ønsker oss at ingen skal leve på flukt, i krig, i fattigdom eller sult.
- \* Vi ønsker oss en mer rettferdig verden for alle som lever her i dag og for de som kommer etter oss.



Vårt oppdrag er å hjelpe barn som Mohamad og liknende familier. Sammen med deg kan vi gi enda flere barn og deres mødre, tilgang til hjelp under fødsel, vaksiner, penger til mat, klær, bleier og hygieneartikler. Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp



Slik gjev du årets viktigaste julegåve:

Vipps eit valfritt beløp til 2426

- Send GAVE på sms til 2426 og gje 300 kroner

Gåvekonto: 1594.22.87248

# Kyrkjeclokka

5

## Bladpengar 2024

Kyrkjeklokka har hatt underskot på drifta dei siste åra, men har klart seg med å tære på oppsamla midlar. Utgiftene er større enn inntektene og vi treng nye gjevarar etter kvart som dei gamle trufaste fell frå!

Driftskostnader	2022 kr 350 295	2021 kr 329 172
Bladpengar	2022 kr 230 824	2021 kr 193 850

Vi tilrar kr 600, men kvar og ein kan sjølv velje beløp. Alle monnar drar!

Vi sender Kyrkjeklokka over heile landet.

Ein kan gje Kyrkjeklokka i gave til slekt og vene, ei helsing heimanfrå. Send melding om namn og adresse på e-post til: john.skiftesvik@enivest.net eller post til: Kyrkjeklokka bladlag, Rindane 6, 6788 OLDEN.



## Kyrkja i Indre Nordfjord

### Stryn kyrkjecontor

Tlf 57 87 61 80  
Rognhaugen 11, 6783 Stryn  
kyrkja@stryn.kommune.no  
www.stryn.kyrkja.no  
må, (ty 10:00-), on, to, fre 09:00 - 15:00

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri  
Mobil 913 27 882  
kari.muri@stryn.kommune.no

Sekretær Margrete Lillestøl  
Sekretær Anne L. Honningsvåg

### Oppstryn - Loen - Nedstryn

Mobil 916 01 630  
sokneprest Henny Koppen  
henny.koppen@stryn.kommune.no

### Randabygd - Nordsida

Mobil 413 75 495  
sokneprest Hege Høibye  
hege.hoibye@stryn.kommune.no

### Utvik

Mobil 986 54 244  
vikarprest Beate Nes  
beate.nes@stryn.kommune.no

### Innvik - Olden

Mobil 404 73 335  
vikarprest Kaare Michael Christof-  
fersen  
kaare.michael.christoffersen@stryn.kom-  
mune.no

### Trusopplæring

Kateket Beate Nes  
986 54 244  
beate.nes@stryn.kommune.no

### Volda kyrkjecontor

Tlf 70 07 40 90  
Rådhusgata 6a, 6100 Volda  
kyrkjecontoret@volda.kyrkja.no  
www.volda.kyrkja.no  
kyrkjeverje Jostein Stråbø  
mobil 916 63 549  
kyrkjeverja@volda.kyrkja.no  
Må, ty, (on 10:30-), to, fre kl. 10:00 - 14:00

### Hornindal

mobil 957 69 292

sokneprest Per Kristian Hovden Sætre  
per.kristian.hovden.satre@volda.kyrkja.no

### Tips!!

Registrer deg med grasrotmidlar til  
Kyrkjeklokka Bladlag på Norsk Tipping



Du kan også betale med  
VIPPS

583131 (kjøp og betal)  
eller  
scan symbolet til venstre

Tusen takk for støtte!!

## Kyrkjeklokka

Les Kyrkjeklokka på nettet: [www.kyrkjeklokka.no](http://www.kyrkjeklokka.no)  
Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune

Redaktør for dette nummeret er: Knut Sigurd Gald

Forretningsførar - abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik, Rindane 6, 6788 Olden.  
Tlf 990 28 076 - [john.skiftesvik@enivest.net](mailto:john.skiftesvik@enivest.net)

Bankgiro 0538 18 51054 - Bankgiro 3795 30 05108  
Kontingenent er frivilleg - Vi takkar for betaling og støtte



Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



## Advent 2023

Det er mørkt om morgonen når eg går til jobb, og heldigvis går eg nokre strekningar utan gatelykter, slik at eg ser stjernehimmelen over meg. Det er ein veldig lyssterk planet i sør-aust, truleg Venus, den som mange kallar Betlehemsstjerna fordi den lyser så klårt. I adventstida pyntar vi i vindauget med ei stjerne, denne stjerna er til minne om den verkelege Betlehemsstjerna, den som viste veg til stallen der det nyfødde Jesusbarnet var å finne.

Advent har med Jesu fødsel å gjere, ikkje sjølve fødselen, den feirar vi i jula, hos oss fra om kvelden 24. desember og utover. I adventstida feirar vi forventninga, at det snart skal skje at Gud skal bli menneske, i solidaritet med verda og oss som lever her.

Kyrkjeåret startar 1. søndag i advent. Denne dagen tennen vi det fyrste adventslyset på staken vår. Og så tennen vi eitt nytt kvar søndag fram til jul. Vi ventar, gir oss tid, det er berre eitt i gongen. Adventskalenderane har same forventninga med seg, det er berre ei luke for dag, resten må vente. Advent betyr ankomst, og det fulle namnet på latin er *Adventus Domini*, Herrens ankomst, eller Herrens kome, som vi gjerne seier på nynorsk. Vi førebur oss til å ta imot.

Den liturgiske fargen er lilla, den vi brukar i fastetida og i gravferd. Tidlegare var det heilt vanleg at ein også pynta i heimane med lilla i denne tida. Det er enno lenge til jul. Lilla er den fargen vi brukar også i fastetida før påske. Og vi brukar den på Bot-og bededag. Det er ein farge

Årshjulet for kyrkja


som symboliserer førebuing, oppgjer og sorg. Advent var tidlegare ei fastetid, også i vår kyrkje, ei tid for å konsentrere seg om det som skjer rundt oss. Lilla er også fargen for det fyrste teiknet av dag, på den svarte nattehimmelen, difor signaliserer denne fargen også håp midt i det som kan kjennast tungt og vanskeleg.

Og då er vi framme ved det som er eitt av kjernekjønna i fastetida, nemleg solidaritet med dei som har bruk for det; fattige, heimlause, flyktningar og krigsråka. I denne tida, då vi førebur oss til Herrens kome, han som steig ned for å vere hos dei forkomne. I denne tida

har vi rikeleg høve til å vise solidaritet, også vi. I posten kjem det brev frå Kirkens bymisjon, frå Kirkens nødhjelp, frå Stefanusalliansen, frå KFUK-KFUM Global og mange andre. Vi blir oppfordra til å gi pengar, og vi gir til dei vi brukar å gi til, og kanskje til nokon nye. Behovet er stort, det veit vi. Dette er også ei tid for å besøke nokon som er åleine, invitere nokon nye heim eller gå tur med ein nykomar i bygda. Det er enno lenge til jul. Lilla farge, fastetid, solidaritet, - det er ikkje det vi fyrst og fremst tenkjer på dei fyrste vekene i desember, men kvifor ikkje? Så får vi ein kontrast til jula, festen og feiringa. Verdt å prøve?



Sokneprest Henny Koppen i lilla stola



## Medarbeidarfest

av Henny Koppen

I haust har vi fått nye sokneråd i kyrkjelydane våre og dei som har hatt ansvaret dei siste fire åra har overlatt arbeidet til andre.

Som ei avslutning på perioden har det vore arrangert medarbeidarfest i nokre av sokna. Oppstryn sokneråd valde å kombinere festen med eit fellesmøte for det nye og det gamle soknerådet. I tillegg var alle som har vore kyrkevertar og medlitigar invitert, og dei som har hatt ansvar for søndagsskulen og Hyggestund på Betel. Nygård Camping har eit lekkert lokale til eit slikt formål, og der serverte dei velsmakande pizza og bløtkake. Gudrun Bergset song nydeleg, akkompagnert av Anders Kvile, og Anders spelte sjølv trumpet som eitt av innslaga. Det var talar og overrekking av blomar og gaver, og det var allsong og andakt. Litt vemodig tok vi avskjed med Birger Skåre og Sonja Skåre Esperø, som begge går ut av soknerådet etter fleire periodar. Dei har gjort ein stor innsats for kyrkja, kyrkjelen og bygda.

Nedstryn samla medarbeidara sine på Smak kafé. Her vanka det biffgryte og karamellpudding til dei frammøtte. Her

møttest det avtroppende soknerådet, kyrkevertar og medlitigar, dessutan representantar for barne - og ungdomsarbeidet, og for Rotary, som årleg deltek med dugnad kring kyrkja. Her var det også allsong og trumpetmusikk, og ein quiz om Nedstryn kyrkje. Det var sett av ein og ein halv time til festen, noko som viste seg å vere i minste laget, for praten gjekk lett kring borda. Også her var det takk og ros - og blomster til Margaret Flo for fire aktive år som leiar av soknerådet. Alle vi andre fekk også blomster, - ei rose frå vasen på bordet, som vi tok med oss då vi gjekk, ei symbolsk takk for godt arbeid.

Loen sine medarbeidrar møttest på Kallen, ein sjærmerande husmannsplass som ligg på Frøholm, mellom Olden og Innvik. Her hadde huseigar og soknerådsmedlem Anne Margrete Seime Rasmussen fyrt i omnien, dekka bordet og kveikt lysa ute og inne. I tillegg til soknerådet var det dei frivillige vaktene i Vegkyrkja som var inviterte. Det vart servert smørbrødkake i rikelege mengder, og til kaffien fekk vi sviskekake med krem. Her var det ikkje sett tidsav-



*Roald Sanden og Kaare Jørgensen i hyggeleg samvær, medan vertinna Anne Margrete Seime Rasmussen står klar i bakgrunnen, då Loen hadde sin fest*

grensing, så vi fekk vere så lenge vi ville, og det var lenge. Ei omvising i alle dei interessante og koselege husa på Kallen fylde også med.

Medarbeidarfestar blir arrangert til ulike tider i sokna, men desse tre kyrkjelydane har valt å gjere det ved skifte av sokneråd. Uansett er det hyggeleg å bli invitert til eit godt måltid, litt underhaldning og god prat. Det er svært mange menneske som gjer ein innsats i kyrkjelydane våre og dei fortener verkeleg stor takk og ære.



*Her lyttar festlyden i Oppstryn til musikk*

*I Nedstryn syter staben for underhaldninga*



## Oppstryn i ord og tonar

av *Kathrina Flo*

Søndag 29. oktober inviterte soknerådet til «syng med oss» eller salmekveld som andre kallar det. Denne gongen tok vi utgongspunkt i ord og tonar frå Oppstryn. Det heile starta med at duoen Ingvild Berge og John Erik Greidung framførte Ingvild sin «Ode til Oppstryn». Berre nydeleg! Så gjekk det slag i slag med fleire programpostar, dikt av Arne Fosnes som vart skreve til kyrkja sitt 75 års-jubileum i 1938, salmar plukka ut av dei som er på «Hyggestund i Betel», dikt av Rasmus Glomnes som busette seg ut i fjorda og Hjelleklang som song «Oppstryn med evige bredar» av Sigbjørn Tunold.

John Eirik og Ingvild var fram på att. Eit dikt skreve av Bjarne Greidung om ei av jentene i familien, der John Eirik har sett tone til. Du og du for ei historie om ei lita jente. Dei avslutta sin del med endå ein sjølvskreven låt som

er så fersk at tittel har den ikkje fått, men det kjem nok.

Margaret Venøy Flo las frå boka til mor si, Anny Berge Alsaker fødd og oppvokst på Berge, om det å leve på slutten av 1930-talet. Ei interessant fortelling som gjorde sitt til at vi som oppstryningar lett kunne setje oss inn i historia.

Marie Berge Alsaker, mor til Anny, skreiv dikt. Her las Margaret "Midtsommar


kveld ved Oppstrynsvatnet" til slutt. Etter at 7 salmar var ferdig for kvelden og Henny hadde teke velsigninga, vart det heile avslutta med Nordfjordsongen – sjølvsagt!

Så vart det tid for ein kaffitår og litt drøs med kvarandre før ein tok fatt på heimveg.

Takk til alle for ein fin og vel-lukka kveld!



Duoen Ingvild Berge og John Erik Greidung



Margaret Venøy Flo



Hjelleklang

## Minnelunden i Oppstryn

av Kathrina Flo

Det har vore 2 viktige markeringar på kyrkjegården i Oppstryn no i oktober.

Den første var 2. oktober der Stryn kyrkjeleg felleråd formelt overtok den namna minnelunden etter at firma J. E. Sandal hadde avslutta alt utført arbeid. Nordplan har vore arkitekt der dei gjekk ut frå ei ideskisse frå ei av Oppstryn sine flinke teiknarar, Unni Berge. Som det har

vore nemnt tidlegare, kom ideen om minnelund frå personar i bygda til medlem i soknerådet, Birger Skåre.

Ideen vart så spelt inn frå soknerådet til Stryn kyrkjelege fellesråd som sidan har arbeidt dette vidare. Stryn kommune har gjett oss skiferhellene og bautaen, som det skal festast namneplater på etter kvart som minne-lunden vert teken i

bruk, kjem frå Sunndalen. PS; utanfor verneområde.

8. oktober, vart minnelunden vigsla av prostiprest Hege Høibye etter gudstjenesta. Godt 20 personar var med på denne markeringa.

*Oppstryn sokneråd vil med dette få takke alle som har vore delaktig i denne prosessen, det har teke år, men no står den klar til bruk.*

*Frå  
markeringa ved  
overtaking og vigslig  
av minnelunden ved  
Oppstryn kyrkje*



## 62 års konfirmantar frå Hornindal jubilerte 16. september 2023

av Else Lungård Tystad

På grunn av koronaen har vi ikkje fått feira 60 års jubileum, men i år lukkast det, og vi møtte 20 av 30 konfirmantar. I 1961 var vi 34, så vi var eit stort etterkrigsskull.

Vi er ein samansveisa gjeng som feira ilag no for 3. gong. Vi samlast på Havila Hotel Rætevold, til kaffi og kaker. Så tok vi turen til Anders Svor museum, og fekk ei fin omvisning. Trur vi alle vart imponerte over kor stor kunstnar Anders Svor var, og kor fin utstilling der var av alle skulpturane. Etterpå var det middag og sosialt samvær på hotellet. Vi fekk fin og god service på hotellet, og middagen var av beste sort. Vi vil rette ei stor takk til hotellet for at vi fekk vere der å feire. No har vi alt planlagt at vi skal møtast att om 3 år til 65 års jubileum.



Framme f.v.: Bjørg Løvlid Frøholm, Astrid Kroken Vassbotn, Kjelly Sætren Kroken, Jenny Solvik Holmøy, Oddvin Navelsaker, Jakob Haugen, Else Lungård Tystad  
I midten f.v.: Sigrunn Løvlid Sandbakk, Ruth Lillestøl Aske, Egil Heggen, Åsmund Espes, Oddvin Lødøen, Rasmus Flore, Per Maurset  
Bak f.v.: Amund Tommasgard, Svein Lillestøl, Per Einar Heggen, Pål Heggen, Knut Einar Heggen, Jon Holmøyvik



## Det nye Soknerådet i Hornindal

av Christine Helgesen Haugen

Foto: Anne Lødemel Honningsvåg

Etter Soknerådsvalet er dette dei nye medlemmane i Hornindal sokneråd: Silje Hjellbakk Hole (leiar), Elsa Aaslaug Ommedal (Fellesrådsrepresentant), Harald Svein Vartdal, Anne Birthe Straumsheim Hofseth (nestleiar), Aud Kobberstad og Patricia Sofie Ekblom. Varamedlemmer er: Cathrine Kongsjord, Audun Gausemel, Marit Hundvik Solvik og Arvid Sølvberg.

Etter fellesmøtet mellom nytt og gammalt Sokneråd takka desse for seg: Christine Helgesen Haugen, Eldbjørg Kobberstad,

Solveig Heggen. Varamedlemmer som har vore aktive som no trer av: Anne Britt Seljeset, Harald Peder Sten-

nes og Anita Saltkjel.

Takk for eit godt samarbeid og lykke til med arbeidet til dei nyvalde!



Bak frå venstre: Anne Birthe, Arvid, Eldbjørg, Harald, Cathrine, Patricia  
Framme frå venstre: Christine, Elsa, Aud, Solveig, Silje, Marit og Audun

## No startar kvardagen i dei nye kyrkjelege råda

Kyrkjevala er over – no startar kvardagen i dei nye kyrkjelege råda.

Som leiar i Stryn kyrkjelege fellesråd 2019 – 2023 ønskjer eg lukke til med viktig arbeid for medlemmene i dei nye sokneråda i Stryn! Og eg takkar alle som har vore soknerådsmedlemmer desse 4 åra for stor innsats og godt samarbeid. Eg takkar også dei tilsette i kyrkjelege stillingar i Stryn for samarbeidet i desse 4 åra og ønskjer lukke til med arbeidet saman med nye folkevalde i dei neste 4 åra. Eg held fram som medlem i Stryn kyrkjelege fellesråd, men det er det nye fellesrådet som i byrjinga av desember vel leiar og nestleiar, og så får tida vise kven som er fellesrådsleiar (for eitt år om gongen) i Stryn i den 4-årsperioden vi no gå inn i.

Ved valet av nytt bispedømmeråd vart eg første varamedlem for Nominasjonskomiteens liste. Denne lista fekk 2 av dei 7 såkalla lekrepresentantane. Open folkekyrkje fekk 3 representantar, Frimodig kyrkje 1 og Bønnelista 1 representant. Saman med 1 representant vald av prestane, 1 frå lek-tilsette, og biskopen utgjer desse det nye bispedømmerådet, som også er Bjørgvin bispedømme sin delegasjon til Kyrkjemøtet – som er «Stortinnet» for Den norske kyrkja.

Frå Sogn og Fjordane blir det to faste medlemmer i det nye bispedømmerådet. Det er Live Bakke Nydal, Florø/Kinn, frå Open folkekyrkje og Per Hilleren, Sogndal

frå Frimodig kyrkje. Dersom desse to deltek dei gongane eg får møte, vil tre av ti vere frå Sogn og Fjordane – ein frå Sogn, ei frå Sunnfjord og ein frå Nordfjord.

Som 1. varamedlem for ei gruppe med 2 representantar kjem eg truleg til å få møte på nokre møte i bispedømmerådet kvart år, og kanskje også på Kyrkjemøtet. Dei to faste medlemmene frå Nominasjonskomiteens liste og varamedlemmene kjem til å ha jamne drøftingsmøte, og vi tek sikte på at eg som 1. varamedlem deltek på alle drøftings-/førebuingsmøte saman med dei to faste medlemmene. Såleis kan eg ha høve til å påverke avgjerder i bispedømmerådet, også for dei møta eg ikkje er med på. Ettersom kandidatane på Nominasjonskomiteens liste i stor grad har komme med på lista etter innspel frå sokneråda, ønskjer eg å ha god kontakt med alle sokneråda – ikke berre i Stryn, men i alle fall i heile Nordfjord. Sjølv om eg og dei to faste

medlemmene frå Nominasjonskomiteens liste ikkje kan love å gjere akkurat det som alle sokneråda ønskjer, vil vi i alle fall ta imot og vurdere innspel i samband med saker som kjem til handsaming i bispedømmerådet og på Kyrkjemøtet.

Kontakt med og innspel frå dei som er engasjerte i arbeidet i Den norske kyrkja vil vi gjerne ha også med dei som røysta på andre eller ikkje brukte røysteretten i det heile.

Eg nyttar høvet til å takke Vemund Øiestad frå Nordsida i Stryn for mange års stor innsats som folkevald på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå i Den norske kyrkja – dei siste åra som leiar i Bjørgvin bispedømmeråd og ein av representantane frå Bjørgvin på Kyrjemøtet!

Eg takkar for tilliten til alle som røysta på Nominasjonskomiteens liste og / eller som sette ekstra kryss ved namnet mitt, uavhengig av kva lista dei brukte!

**Jostein By**



Jostein By. Foto: Bjørgvin bispekontor

## Det nye Soknerådet i Olden

Tekst: Reidun Brynestad

Foto: Kari Synnøve Muri

Her er bilde frå gudstesta 15.oktober der vi presenterte det nye soknerådet i Olden/Oldedalen.

*Vi som har sete i fire år takkar for oss, og ynskjer dei nye lukke til med arbeidet!*



F.v. : Jon Olav Kvamme, Sigrid Egdetveit Skarstein, Alvhild Flåten, Jostein By, Arild Hafsås, Gunnar Eikemo (vara), Johanna Sandøy Skarstein, Gro Birgit Øyaland Egset, ny leiar, som mottekk «stafettspinnen» frå avtroppande leiar Reidun Brynestad. Bak dei prest Kaare Michael Christoffersen. Else Pernille Fredheim, som også er med i soknerådet, var ikkje tilstades i kyrkja då biletet var teke

## Avtroppande og nytt sokneråd i Innvik

Tekst: Solveig N. Heggdal



### Avtroppande og påtroppende:

Frå v: Harald Heggdal, Else Marit Paulen, Torill Bennæs, Jan Paulen, Annelene Hopland, Aud Elisabeth Skrede, Jan Reme, Wenche Sunde, Liv Kristin Skåden, Sofie Amalie Heggdal, Jill-Trude Dyrvang, Solveig N. Heggdal, Oddbjørn Reme (vara)

### Det nye soknerådet:

F.v.: Torill Bennæs, Annelene Hopland (vara), Aud Skrede, Jan Reme, Wenche Sunde, Liv Kristin Skåden og Sofie Amalie Heggdal



## Avtroppande og nytt sokneråd i Nedstryn

Tekst Margaret Venøy Flo

Fredag 20. oktober inviterte Nedstryn sokneråd til medarbeidarfest, der vi takka alle for god hjelp dei 4 siste åra. Vi fekk god mat, underholdning, taler og gåver. Utan gode hjelparar på alle nivå er det vanskeleg å drifte eit sokn med stor aktivitet.

Det vart ei bratt læringskurve med mykje nytt, samstundes som koronaen skylte innover landet. Mange kreative løysingar såg dagens lys, og alle bretta opp ermane og hjalp til. Dei tilsette på kontoret fortener all muleg ros for innsatsen, både då og seinare. Men det har vore interessante og lærerike år der vi har fått innblikk i det kyrkjelege arbeidet i Stryn. Vi har blitt kjent med nye folk som har stilt opp på dugnader, vore kyrkjevertar/klokkarar, kaffikokkarar, stolbærarar på utegudstenester og delkelse på møta våre.

*Stor takk til dere alle for samarbeidet! Og lukke til for det nye soknerådet, vi har forstått at dere er dedikerte for den nye oppgåva.*

Helsing Margaret, Jan, Elisabet, Nina, Silje, Vidar, Øystein, Marianne, Jarle, Arlinn, Helga Renate, Olaug, Henny.



*Det nye soknerådet:*

*Framme f.v.: Silje Kristin Frøysa, Vivian Tvinneim Sæverhagen, Kristin Loen Hool, Sissel Tonning Brekke, Bente Irene Frøholm, Gunn Karin Norlie, Hilde Margrethe Ullebø Hool*

*Bak f.v.: Sokneprest Henny Koppen, Ard Mikal Kleppe, Ingeborg Bø Eimhjellen, Endre Bø*

*Ikkje med på biletet: Alf Martin Almskår, Henriette Blaalid, Arve Aabrek*



*På avslutninga vår for avtroppande var vi:*

*F.v.: Nina Ytreeide, Olaug Aarøen, Elisabet Bø Nesdal, Margaret Venøy Flo, Jan Bakke Flore, Silje Kristin Frøysa, Henny, sokneprest Henny Koppen, Helga Renate Espe*

## Saman om skatten

av Beate Nes

Med «Saman om skatten» som tema for trusopplæringa vår, er det vel heilt naturleg med ein ekte sjørøvarfest?

Tysdag 4. oktober inviterte trusopplæringa til familiemiddag i Betania for 4 åringane og alle andre som hadde lyst. Nesten 30 små og store



frå fleire avbygdene våre kom.

Vi fekk servert blekksprut(pølse) til middag.

Og så fekk vi hjelpe kvinna som hadde 10 gullmyntar med å leite etter den som mangla, og vi fekk vere med i båten då Jesus stilte stormen.



## Middag i Utvik-kyrkja

av Beate Nes



For første gong inviterte Utvik sokneråd til familiemiddag i kyrkja. Det vart dekka langbord i midtgangen. Over 30 store og små tok turen rett frå jobb, barnehage og skule til middag i kyrkja. Etter middag leita Beate fram skattekista og fortalte fortellinga om sonen som kom heim, og Galya hadde leita fram fleire av barnesongane som står i salmeboka som vi fekk synge saman.

Det var god stemning i kyrkja denne dagen, og det er alt kome ønske om fleire slike samlingar i Utvik framover.



## Basar med Hornindal Sanitetslag

av Christine Helgesen Haugen  
Foto: Jorunn Anne Remme Tomsgard

Laurdag 26. oktober var Kyrkjelydsstova full då Sanitetn arrangerte basar.

Mykje flotte gevinstar var sponsa av lokale bedrifter, butikkar og privatpersonar som både leverte handarbeid og heimelaga sylte. I tillegg til loddbøkene gjekk det unna med tre rundar med åresalg, kaker og kaffi.

Varaordførar Sverre Leivdal hadde ei flott tale om Sanitetn si historie både lokalt og internasjonalt. Det var informativt og fint å høyre på.



*Loddsal vert notert i bok*



*Varaordførar Sverre Leivdal hadde ei flott tale om Sanitetn si historie både lokalt og internasjonalt*



## Konfirmantjubileumet i Utvik og Innvik

av Leiv Tore Kårstad

10. september var det konfirmantjubileum i Utvik kyrkje, for Utvik og Innvik sokn. 50-, 51-, 60-, 61- og 71-årsjubilantar deltok.

Etter gudstenesta var det middag på Innvik Fjordhotell. Eit kjekt samkomme, var tilbakemeldingane. Det vert arrangert konfirmantjubileum annakvart år, vekselsvis mellom Innvik og Utvik.

"Jentenamna" er teke med for damene, for det er litt kjekt å klare å plassere dei for dei som kjende dei i den tid...



71 års jubilanter:  
F.v.: Bodvar Sølvberg, Rasmus Hage



51-årsjubilantar:  
F.v.: Roar Verlo, Else Marit Nesdal Paulsen, Brit Frøholm, Anny Valaker Njøsen, Lidvin Olav Hage



50 årsjubilantar:  
Bak f.v.: Kjell Einar Svoren, Per Inge Verlo, Jon Olav Høgalmen, Arne Myklebust, Asgeir Myklebust  
Framme f.v.: Elin Hilde, Hege Heggdal Engeset, Anne Grete Skåden Kvamme, Jane Valaker Høgalmen, Tone Valaker Sandsta, Oddny Heggdal, Edel Frøholm Kandal



60- årsjubilantar:  
Bak f.v.: Arvid Hopland, Arne Egil Myklebust, Vemund Øiestad, Johanne M Hilde Baaserud, Solveig Kristine Berge, Synnøv Øvstedral  
Framme f.v.: Else Marie Taraldset Kjensberg, Gyda Bennæs, Randi Kårstad Sørlie



61 årsjubilantar:  
Bak f.v.: Anders Heggdal, Per Berge, Olav Ø Skåden, Ola Ødegård  
Framme f.v.: Kirsti Nesdal Felde, Inger Bruland Verlo, Solveig Hilde Thrane

## Konfirmantfestival

av Beate Nes

*Konfirmantane samla inn 62000 kr på konfirmantfestival!*

I oktober var konfirmantane på konfirmantfestival på operahuset på Nordfjordeid. Ein kjekk dag med mykje kjekke aktivitetar. Festivalen er eit samarbeid mellom KFUK-KFUM, Bjørgvin bispedøme og kyrkjene i Nordfjord.

Ein fast aktivitet på festivalen er noko som kallast globalløp. Globalløp er eit sponsorløp der deltakarane skaffar sponsorar som støttar innsatsen til den som deltek. Sponsoren kan bidra med eit fast beløp eller eit beløp per runde deltakaren gjennomfører.



*Heile konfirmantgjengen klar for globalaksjon*



Runden gjekk rundt operahuset og var på ca 500 meter. Sjølvे løpet varte i 30 minutt. Dei 300 konfirmantane løp tilsaman 1608 rundar og samla inn meir enn dobbelt så mykje pengar som året før!

Pengane går til "Makalaus dream school" på Sri Lanka. Det er ein skule for barn med funksjonsnedsettelse i alderen 8 - 18 år i Jar-Ela. Skulen har som mål å inkludere alle, også dei med nedsett funksjonsevne.

Du kan lese meir om skulen på <https://kfuk-kfum-global.no/sri-lanka/>



*Frå samling saman med teamet frå Bjørgvin bispedømme*

## Nordsida kyrkje 50 år den 9. desember 2023

av Knut Sigurd Gald

50 år er for så vidt ein ung alder, iallefall som kyrkjebygg. Og det er all grunn til å feire for bygdene som soknar til Nordsida kyrkje. For det var strevsamt å komme seg til kyrkje før tunnelane og vegen kom, slik at ein kunne køyre med bil og buss til kyrkje.

For folket frå Randabygda/Hopland i vest til Sætren/Sør Markane i aust var vande med å ro fjorden til kyrkje, det være seg til Vereide kyrkja, Utvik kyrkja eller til Innvik kyrkja. Når Randabygd kapell, seinare kyrkje, vart bygd i 1916, kveikte dette håpet til folket i bygdene inn over Nordsida om at også dei kunne få eiga kyrkje. Spesielt når vegpassellen Teigen - Nos kom på 1920 talet, opna dette ei moglegheit for fleire bygder å samarbeide om ei eiga kyrkje. Nosa-tunnelen kom først i 1965, medan Blakset - tunnelane kom i 1959, så framleis var det utfordringar å komme

seg til kyrkje på 1920-talet.

Mange er det som har lagt ned ein god dognadsinnsats, nokre meir enn andre og nokre mindre, men likevel ein kjærkommen innsats for eit felles gode i våre bygder.

Og mykje dugnad og engasjement har det vore sidan arbeidet med planane om bygging av kyrkja starta tidleg på 1960-talet, då kravet om kyrkje på Nordsida av fjorden på nytt vart fremja, til kyrkja fysisk stod der og vart vigd 9. desember 1973 av biskop Juvkam i Bjørgvin. Og så har dugnaden fortsett vidare og fram til i dag. Mange har lagt ned mykje arbeid i sokneråd, søndags-skule, seniortreff, diakoni, sangkor, fornying i kyrkja, frå nytt kjøken til 30-års jubileet i 2003, nytt trerelieff, prosesjonskors, minikyrkjebåt, nytt handicap-toalett og til utviding av kyrkjegarden.

Det som kanskje har gått i gløyemeboka, er at opptaket

til Nordsida kyrkje skjedde på 1920 talet. Bygdefolket engasjerte seg fordi vegen til kyrkjene i Utvik og Innvik gjekk over fjorden, ein fjord som ikkje berre var godveir men også kunne være farleg. I tillegg var det "Kyrkjeteig" med skog mellom Bergset og Ulvedal, tiltenkt materiale til kyrkjebygg. Det vart oppnemnd ei førebuingsnemnd på 4 medlemmar som vart drivkrafta i arbeidet, og som utarbeidde og sende søknad til sentrale instansar om gravplass på Nordsida og også om å få bygge kapell/kyrkje. Desse verdifulle opplysningane kom redaksjonen av boka "Soga om garden Gald" over i ei gammal reisekiste etter Rasmus I Gald, i form av brev og protokollar. Eg tek med utdrag frå boka, inkludert stykket som Cornelius Sølvberg skreiv i Fjordingen i april 1971.

### Laurdag 9. desember:

- 14:00 Konsert. Etter konserten blir det kaffi, kaker og helsingar.  
18:00 Lys Vaken for barna frå Nordsida og Randabygd sokn

### Søndag 10. desember:

- 11:00 Jubileumsgudsteneste saman med bl.a. barna frå Lys Vaken,  
Barnegospel og andre.

Jubileumsmiddag etter gudstenesta med kavalkade frå kyrkjas historie, helsingar og anna. Opplysningar om påmelding til middag kjem seinare



Foto: Håkon Olav Skaar

## Nordsida kyrkje - eit steg på vegen

Bygdelaga Tistam, Fjelli og Randabygda høyrd til Utvik sokn, Blakset, Robjørgane og Sætren til Innvik sokn. Dette frå gamalt av då det var sjøvegen som batt bygdene saman.

## Gravplass på Nordsida

5. april 1925 vart det halde ålmannamøte for Fjelli og Blakset. På møtet vart det valt ei førebuingsnemnd for å få realisert ønskjemålet om ny felles gravplass for bygdeiene Fjelli og Blakset. Førebuingsnemnda var samansett av Rasmus I Gald, formann, Haakon Hunskaar, Waldemar Roset og Lars Blakset”.

I skriv av 3 august 1925 søkjer førebuingsnemnd Det Kgl. Norske Kyrkjedepartementet om løyve til å setje i gang arbeid til gravplass for bygdene Blakset og Fjelli.

Søknaden vedlagt vedtaka i Kyrkjelydrådi i Utvik og Innvik, vart sendt departementet 11.1.1926. Vinteren/våren 1926 vart søknaden sendt i retur for innsending så snart råd var gjennom sokneprest, prost og stiftsdireksjon. Dette medførde tilleggsinformasjon om gravplassen, garanti for kostnader med opparbeiding og garanti for sogneprestens skyss for m.a reiser til jordfestelse. I allmannamøte 24. mai 1926 vart det vedteke å søkje om også å få byggje kapell/kyrkje på gravstaden. Arbeidsnemnda sende tilleggs-søknaden 25. febr. 1927: Støtte for ny gravplass i Blaksetbygdi, frå Utvik kyrkjelydsråd (sokneråd) og Innvik kyrkjelydsråd (sokneråd) til søknaden av 3. august 1925 frå førebuingsnemnda på Fjelli og Blakset sendt Det Kgl. Norske Kyrkjedepartementet 11. januar 1926.

## Kyrkja på Nordsida

Avisa "Fjordingen" 23.04.1971

"I min første ungdom - trast etter hundreårskiftet - tok vi til å drøyma om kyrkje i fjellgrenda vår. Randabygdarane hadde alt teke til å snakke **høgt** om kyrkje for si bygd - og hadde endå meir grunn til det enn vi, då dei hadde dubbelt so langt å ro. Og sume lenger veg til sjøs, og var dertil ei bra folkerik bygd.

Men vi og var leie av fjorden og dei bratte vegane. Og etter kvart som vi fekk post og handel på denne sida, tok vi til å snakke høgt og alvorleg om eiga kyrkje. Dertil hadde vi så overlag gild ei tuft som peika seg tydeleg ut. Og vi hadde fleire gonger vore med på å utvida kyrkjegarden i Utvik, så vi visste korleis **det** skulle gjerast. Visst hadde ikkje vi heller ferdig gravplass liggande, men breen frå istida hadde lagt att nøgda av grus som var lagleg til slikt bruk - og vi tok til å drøyme om at ein vakker dag skulle vi få høyre kyrkjemlokka kime frå tårn.

At bygda var fåmennt trudde vi unge at vi snart skulle retta på. For her var bra med jord og skog, og snart var talet på sjølevigande gardar tviauka. Men etter kvart som tida skreid fram utvikla det seg såleis at vi ikkje var så avstengde, og heller ikkje "oss sjølv nok". Blaksetbygdarane var i same stoda som vi i kyrkjespørsmålet, så tanken om samarbeid melde seg. Men berre med prat mann og mann i mellom kom ein ingen stad.

No var vegen mellom bygdene snart fullført så samarbeidsvilkåra var betre. Og sjølv om **dei** hadde lettvinfare med å koma til sjøen so hadde den skræmt dei so pass at dei fann det tryggast "å ha foten fast".

Så var det at Rasmus Gald - som var ein av våre tillitsmenn i herad-styret - tok saka om kyrkje for Nordsida opp for alvor - etter å ha målbore det for heradstyret og i samråd med blaksetbygdarane, kalla saman til ålmannamøte på Ulvedal først i tjueåra. Og der var godt frammøte frå både bygder. Det var han Rasmus Gald som målbar saka, og la sitt syn

så klårt fram, at her var von om å få bygge kyrkje om vi var samde om tuftha. Han tykte **Roset** var rette staden, og som vi måtte samle oss om. At han som budde ytst ville tøygja seg så langt, synte at han var framsynt og ikkje berre tenkte på kva som bata seg sjølv best. Men ikkje alle utantil var viljuge å gå så langt. Og for å bruke eit moderne uttrykk: - tida var ikkje mogen for eit slikt tiltak. Møtet enda uavgjort. Men det var liksom sett fart i tankane om kyrkje.

Rasmus Gald fall ifrå i 1934, men tanken om kyrkje levde, og om nokre år samlast vi til prat om kyrkestaden. Fjellarane tykte Ulvedal var mest midt imellan og ville naudleg gå lenger inn. Og der vart og bode gratis tuft. Men det var uråd å verte einige. Vi som heldt på Ulvedal var i mindretal, og noko meir prat var nyttelaust. Så då det kom framlegg om å lata ei ugild nemnd peika ut staden vart vi samde om det.

Tanken om å nytta Randabygda kapell var bra nok for oss fjellarar, men for blaksetbygdarane var det sers ulageleg, og vi laut stå saman i denne sak, tross alt. Det trur eg alle vil forstå. Og om det ikkje vart etter alle sitt ynskje, så har då den valde staden sine foremonar. Og ein fin stad er det - endå om ikkje utsynet er det viktigaste i dette høve.

Krava til ei kyrkje er andre no enn for 50 år sidan, så vi gamaldags får bøygja oss for det. Ein får tru at det er dei unge det er særleg tenkt på her med eit så mangslunge Gudshus. Og eit staut folkeferd må ein tru det kan vekse opp kring ei slik kyrkje. Og klokkeklangen vil liksom legge att etter seg ein mild og god om i hug og hått.

So sigra då tanken hans Rasmus Gald til slutt. Og vonleg vil alle yta det dei kan til eit så stort løft som dette vert. Lat oss minnast Rasmus Gald i takksem for at han gjekk i brodden og tok første støyten i striden for Nordside-kyrkja, når vi no har teke det fyrste steget for ei så stor og alvorleg sak."

K. Sølvberg.

**Oksen**

Ein gong for lenge sidan, i eit land langt borte, budde det ein okse. Oksen var stor og sterk. Han kunne trekkje plogen heile dagen utan pause. Han kunne dra den store, tunge vogna så fort av stad at ho nesten velta. Han kunne trampe med den eine foten og brøle så høgt at alle sprang unna. Til og med flugene var redde for han. Dei flaug sin veg berre han vifta med den lange halen sin.

Men om kvelden var oksen sliten. Då gjekk han inn i stallen sin og åt høy og drakk vatn. Så la han seg ned på golvet, med hovudet mot døra.  
**- Dette er min stall, tenkte han. Her er det eg som bestemmer. Og dersom nokon andre prøver å kome seg inn her, så skal eg stange dei ut att!**

**Eselet**

Ein kveld då oksen skulle gå inn i stallen sin, høyrde han at det var nokon der inne. Nokon som trampa og tygde og laga rare lydar. Nokon hadde gått inn i stallen hans utan lov! Oksen bles i nasen og sprang inn. Og der, på soveplassen hans, stod eit esel.

**- Kom deg ut av stallen min! brølte oksen. - Elles stangar eg deg ut! - Det greier du ikkje, sa eselet.**

**- Eg er eit esel, og eg flyttar meg berre når eg sjølv vil. Forresten er eg bunden fast! Eg skal nem-**

## Ei lita juleforteljing for born i alle aldrar

*leg vere her i natt. Dei som eig meg leitar etter ein plass å bu. Men eg skal sove her. Eg har gått så langt, og no er eg så frykteleg sliten!*

Eselet gjespa og lèt att auga. Oksen stod ei stund og skrapa med foten og vifta med halen. Så gjekk han og la seg. I den bortaste kroken, med ryggen mot eselet!

**Maria og Josef**

Oksen og eselet låg i stallen ogsov. Men dei fekk ikkje sove lenge. Seint på kvelden gjekk stalldøra opp og ein mann og ei dame kom inn.

**- Det er Josef og Maria, sa eselet.**  
**- Det er dei som eig meg. No er det like før babyen deira skal bli født. Men dei har visst ikkje funne nokon plass å bu.**

Oksen reiste seg og gjorde seg så stor og brei han kunne.

**- Dei får i alle fall ikkje lov å bu her, i min stall, brølte han.**

Men Maria gjekk bort til oksen og klødde han i panna, midt mellom dei spisse, farlege horna. Og med eitt var ikkje oksen sinna lengre. Han strakte ut ei lang

tunge og slikka Maria på handa. Så la han seg ned, tett inntil veggen. Midt på golvet vart det akkurat plass til Maria og Josef.

**Jesusbarnet**

Det var trøngt i stallen. Maria låg på golvet med hovudet på magen til eselet. Josef satt inntil oksen og heldt Maria i handa. Oksen sov litt, men med eitt høyrde han eit lite barn som skreik. Han opna auga, og der låg Maria med ein liten, nyfødd gut i armane sine.

**- Han heiter Jesus, sa eselet. - Men eg trur han frys. Han har jo ikkje nokon seng og ikkje nokon dyne.**

**- Han kan låne krubba mi, sa oksen. - Ho er full av høy, og høy er både mjukt og varmt.**


Maria smilte. Ho tulla Jesusbarnet inn i eit tøystykke og la han i krubba. Oksen og eselet la seg tett inntil krubba så Jesus ikkje skulle fryse. Og utanfor song englane.



# BARNAS

## Prikk til prikk

Trekk ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



## Hjelp dei vise menn!

Hjelp dei vise menn å finne vegen til det vesle Jesusbarnet.



### Vits

– Kan eg få ein hund til jul, pappa?  
– Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!


Fargelegg!



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca



## Finn fem feil!



Her er Jesus, Maria og Josef. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

Denne oppgaven er henta fra bladet

Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!

Denne oppgaven er  
henta fra bladet

Bestill abonnement  
på sondagsskolen.no  
eller 22 08 71 00



Sondagsskolen - mer enn du tror



## Viles Bibel saman!

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

### Vismennene og flukten til Egypt

av Beate Nes

*Lang reise, for å hylle Jesus, og flukt til Egypt.*

Dei hadde reist langt, vismennene frå Austerland. Dei hadde sett teikn på himmelen, og hørt profetiane om ein jødekonige som skulle fødest. Denne kongen ville dei sjå, så dei pakka med seg skrin med fine gåver til den nye kongen, og la ut på den lange turen.

No var dei komne til Jerusalem og spurde: «*Kvar er den jødekonigen som no er fødd? Vi såg stjerna hans gå opp, og no er vi komne og vil hylle han.*» Dei såg at folk vart urolege av spørsmålet. Kva var dette for noko?

Dei gjekk til slottet, der var liksom der dei venta å finne kongen, men ingen der viste noko om ein ny konge. Så rart, kor er han då denne nye kongen?

Kong Herodes vart svært uroleg då han fekk høyra kva dei ville. Ville nokon ta makta hans? Han kalla i full fart saman alle overprestane og dei skriftlærde i folket og spurde dei ut kvar Messias skulle bli fødd? «*I Betlehem i Judea*», svara dei, for slik står det skrive hos profeten.

Utan at dei andre fekk vite det, kalla Herodes vismennene til seg og spurde dei

nøye ut om kva tid stjerna hadde synt seg. Så sende han dei til Betlehem og sa: «*Gå og forhøy dykk nøye om barnet. Og når de har funne det, så sei frå til meg, så eg òg kan koma og hylla det.*»

Då dei hadde hørt kva kongen hadde å seia, tok dei i veg. Og sjå, stjerna som dei hadde sett koma opp, før føre dei heilt til ho vart ståande over staden der barnet var. Då dei såg stjerna, vart dei umåteleg glade. Dei gjekk inn i huset og fann barnet hos mora, Maria. Og dei fall på kne og hylla det. Så opna dei skrina sine og bar fram gåver til barnet; gull, røykelse og myrra.

Dei var så glade for å ha funne det vesle barnet, den nye kongen, men og litt overraska. Det var ikkje dette dei hadde veta seg då dei la ut på den lange turen.

Før dei rakk å reise tilbake til Jerusalem og kong Herodes, varsla Gud dei i ein draum at dei ikkje måtte fara attende til Herodes, og dei tok ein annan veg heim til landet sitt.

Den natta, etter at vismennene hadde reist, viste ein engel seg for Josef i ein draum og sa: «*Stå opp, ta barnet og mora med deg og røm til Egypt, og bli der til eg seier frå! For Herodes kjem til å leita etter barnet og vil drepa det.*»

Josef stod straks opp, pakka saman det vesle dei hadde av ting, før han vekte Maria og fortalte ho kva engelen hadde sagt. Den natta drog den vesle familien med Jesusbarnet til Egypt, mens alle andre sov. Der vart dei verande som flyktningar, til Herodes døydde og dei trygt kunne vende tilbake til landet.

#### Nokre moment til samtale

\* Vismennene hadde med Gull, røykelse og myrra til Jesusbarnet. Ikkje akkurat vanlege gåver å ha med til eit lite barn. Vi veit ikkje kva Josef og Maria brukte gåvene til. Korleis trur de at dei brukte gåvene?

\* Josef og Maria, og det vesle Jesusbarne måtte rømme til Egypt. I verda i dag er det mange som er på flukt. Nokre av dei er her hos oss, andre er på flukt andre plasser. Kan vi gjere noko godt for desse?





www.supercoloring.com  
**SUPER**  
COLORING



www.supercoloring.com  
**SUPER**  
COLORING



# Påfyll

søndagsskule for vaksne

KI 20-21.30

**Tema:**

**Bibelske personar**

26. september: **Rut**

31. oktober: **Samuel**

28. november: **Peter**

30. januar: **David**

27. februar: **Lydia**

19. mars: **Maria Jesu mor**

30. april: **Maria Magdalena**

**Samlingane er i Betania i Stryn, med unntak av samlinga i november som er i Solvang i Olden**

Undervisning dette året vert ved: Henny Koppen, Kaare Michael Christoffersen, Knut Gjengedal, Andreas Kråkenes, Beate Nes og Hege Høybye

**VELKOMEN!**



# Fjordferd BEGRAVELSESBYRÅ



Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd

Stryn - Stad - Volda - Stranda - Fjord



Sjå heimesida vår for priser  
[www.fjordferd.no](http://www.fjordferd.no)

Tlf. 458 50 300

- Vi er her for deg når du treng oss -

**Gravminne**

**Namne-  
tilføyinger**

**Oppfrisking**



**EIDE STEIN AS**  
[www.eidestein.no](http://www.eidestein.no) 712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå

**Hjelmeland**  
BEGRAVELSES BYRÅ  
Til hjelp i sorga sidan 1978

Bjørn Solvik      Tone Lise Loen

Mariann Johansen      Odd Kåre Hjelmeland

Vi er her  
når de treng oss som mest,  
og hjelper dykk med  
å lage ei personleg, fin  
og verdig gravferd.  
Slik som de ønskjer.

**905 50 905**  
[www.hjelmeland.as](http://www.hjelmeland.as)

**STRYN ENØK AS**

**TOSHIBA**  
VARMEPUMPER

Treng du ny varmepumpe?  
Eller service på den du har?  
Ta kontakt, rask levering til rett pris  
Salg - Montering - Reparasjon - Service

Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704  
[www.senok.no](http://www.senok.no)

EFT 840/2006  
**Isovator**  
F-GASS SERTIFISERT FORHANDLER

**INNVIK FJORDHOTEL**  
Misjonsheimen

Catering  
Koldtbord - snittar - kaker m.m.

Arrangement  
Fødselsdagar - selskap - møter - kurs

Innvik Fjordhotell  
Misjonsheimen AS  
6793 Innvik  
tlf 57 87 49 90  
e-post: [post@innvikfjordhotell.no](mailto:post@innvikfjordhotell.no)  
[www.innvikfjordhotell.no](http://www.innvikfjordhotell.no)

## Søskenparet Per Ove Sunde og Elin Sunde

Vi skal no få treffene søskenparet Per Ove Sunde og Elin Sunde. Dei vaks opp i ein søskenflokk på 10 barn, der fire døde i ung alder i tragiske ulykker og i sjukdom. Dette er ein familie som har prøvd mykje. Oppveksten var prega av eit kristent livssyn, der dei vart påminna av mor om å ta imot Jesus. Mor og besteforeldre ba for barna sine kvar dag og disse bønene har med sikkerheit blitt høyrt. Den kristne grunntrua har alltid vore der, men først i vaksen alder har dei teke Jesus inn i liva sine. Per Ove er 55 år og utdanna dataingeniør. Han er far til ei datter på 10 år. Han har hatt gode inntekter, og prioritert tidlegare karriere foran det meste. Han har møtt mange prøvelsar, har mista mykje av sine jordiske rikdommar, men føler at han set igjen med ein mykje større rikdom etter å ha møtt Jesus.

Elin Irene er 63 år og har jobba mesteparten av livet sitt innan helse og omsorg. Er utdanna hjelpepleiar og sjukepleiar. Ho er ikkje lenger yrkesaktiv på grunn av hessa. Ho har 4 barn og 3 barnebarn.

Intensjonen med nettsida  
«<https://thebible.no>»:

Søskenparet har begge eit brennande ønske om at fleire skal bli kjent med Bibelen, slik fekk dei ideen om å lage ei internettseite. Ønskje er å nå flest muleg mennesker, og at fleire skal engasjere seg på sida. Dei understrekjer at dei ikkje gjer dette for eigen vinning.

Kva finn du på nettsida vår

Nettsida er på både engelsk og norsk, og tekst kan bli opplest for

dei som har ein funksjonshemmning. Dei ønskjer å ta opp alle tema i Bibelen, også dei som er vanskelege og som det ofte ikkje blir snakka så mykje om. Dei ønsker å lage ei nettside som vekkjer nysgjerrigheta til folk slik at dei kan bli betre kjent med Bibelen. Sida består i dag av ein komplett Bibel i 2 ulike utgåver (King James og 1930 utgåva). Bibelen er søkbar slik at det er lett å finne fram til det ein leiter etter. Kvart kapittel i Bibelen har ein introduksjonsvideo som gjev ei grundig forklaring på innhaldet.

Mediesida vår inneholder eit stort utval av filmar, dokumentarar, musikk og lydbøker i ulike kategoriar. På forumsida er det lagt opp til at alle som ønskjer det kan komme med eigne innlegg og å kommentere andre sine innlegg. Der er ulike forum, og vi opprettar nytt forum alt etter hva tema det er ønskje om å ta opp. Tanken er at vi lærer av kvarandre. Bibelen er læreboka, så det vi skriv må kunne forankrast i Bibelen.


Målet vårt med nettsiden

Målet er som nemnt å nå ut til flest muleg menneske. For å nå dette målet treng dei hjelp med å gjere sida kjent og oppfordrer derfor alle til å delta på sida og å vidareformidle. Saman kan vi spre Guds Ord. I løpet av kun 2-3 måneder har dei no fått på plass ei nett-side som meir eller mindre er ferdigstilt. På sidene finst mykje meir informasjon.

Velkommen til sida vår.

<https://thebible.no>





*Det er navnet ditt jeg roper,  
vil du følge meg?*

*Vil du trå i mine fotspor  
på en ukjent vei?*

*Vil du kjennes ved mitt navn,  
vil du møte sorg og savn,*

*vil du hvile i min favn,  
og la meg bli hos deg?*

Det er denne salmen som har berørt meg mest dei siste åra. Den er så direkte og berører på eit djupare plan.

Salmen har eit tydelig deg-meg (Gud-menneske)fokus. Det får meg til å tenkje på at gudstrua egentleg han-lar om ein relasjon. I møte med mennesket, så spør ik-kje Gud: «Trur du på meg?» eller «Kva meiner du om.....?» Nei, han er heller opp-tatt av mennesket, der det er og slik det er, og inviterar til fellesskap.

Sidan trua er som nevnt,

## Min salme

av  
Solveig Gjørven

relasjonsbasert - så vil identiteten til personane i relasjonen vere viktig.

Eg er så heldig at eg har fått vere med i retreat be-vegelsen ein del år. I den samanheng har eg utforda meg sjølv til å jobbe med nettopp dette temaet: «*Kven er du Gud?*» og «*Kven seier du at eg (mennesket) er?*» Det har blitt ein spennande prosess i det indre landskapet, der gammalt skrot blir avslørt- og både Gud og Mennesket får tre fram i nytt lys.

Så mitt gjensvar må bli: «*Ja, selvfølgelig....!*» Dette har vore ei god investering i det som kanskje mest av alt gjev livet innhold og retning.

Og relasjonen må sjølv-sagt pleiast, for at den ik-kje skal opphøyre - på same måte som i alle andre ulike typar fellesskap.



## Kallet

(Det er navnet ditt jeg roper)  
Salme nr.434 frå Salmeboka

T: John Bell/Graham Maule  
M: Skotsk folketone  
O: Hans Olav Mørk

Det er navnet ditt jeg roper,  
vil du følge meg?

Vil du trå i mine fotspor  
på en ukjent vei?

Vil du kjennes ved mitt navn,  
vil du møte sorg og savn,  
vil du hvile i min favn,  
og la meg bli hos deg?

Vil du ta det første skrittet,  
vil du følge meg?

Vil du gå til mine minste  
på en ukjent vei?

Vil du tåle onde blikk,  
stå igjen når noen gikk?  
Du skal gi dem alt du fikk,  
for jeg vil bli hos deg.

Vil du åpne blinde øyne,  
vil du følge meg,  
se at fanger får sin frihet  
på en ukjent vei?

Vil du stelle andres sår,  
i det skjulte år for år?  
Da er lønnen som du får  
at jeg vil bli hos deg.


Vil du trosse angst og uro,  
vil du følge meg,  
ta imot deg selv med nåde  
på en ukjent vei,

la de ord som jeg har sagt  
folde ut sin skapermakt  
tross din tvil og selvforakt?  
For jeg vil bli hos deg.

Når du kaller, må jeg lytte.  
Jeg vil følge deg!

Jeg vil vende om og vandre  
på en ukjent vei.

Dit du går, vil jeg gå med,  
Herre, la din vilje skje,  
for jeg vet at jeg skal se  
mitt liv fullendt i deg.



## Oddny under open himmel

~  
Av  
Oddny  
Torheim  
~



### Brevet

*Jeg står og betrakter brevet et lykkelig langt minutt, de kjære kjendte bokstaver over den grå konvolutt.*

*Jeg kikker på datostemplet, fjorten uker er gått - på frimerkeraden i hjørnet som skinner så norsk og blått.*

*Jeg lengter så etter brevet, mens ukene langsomt gikk. Jeg åpner det ikke ennå. Jeg venter et øyeblikk.*

*For det er det lukkede brevet som eier den største charm, og alt det som ikke er skrevet som gjør oss om hjertet varm.*

*Nordahl Grieg*



Desse versa er henta fra diktsamlinga «Rundt Kap det gode Haap» som kom ut i 1922. så det er over 100 år.

Eit brev eller kort har ein skrivar og ein mottakar.

Innhaldet kan gje spenning og forventning, men også sorg og skuffelse.

Det har vore og er framleis eit kommunikasjonsmiddel. Dei fleste breva i dag er kravbrev eller brev med offentleg informasjon med trykt namn og adresse.

Eit handskrive brev har vorte sjeldnare og sjeldnare, og eg las i ein artikkel: «*Det er gamaldags å skrive brev.*»

Dagens barn og unge veit knapt korleis det er å springe til postkassa for å hente eit brev ein har venta på.

Før hadde mange born brevvenner. Mange fann seg ein slik i eit barneblad. Så brevveksla dei nokre år. Det var lærerikt, utviklande og gav spenning. I dag har brevvenner vorte erstatta av digitale kontaktar. Vegen gjekk frå

brev til mobil. Det er enklare og tidsbesparande. Det viktigaste er at vi ikkje sluttar å formidle kunnskap og erfaringar med kvarandre. Kvar enkel får velje kva måte som høver best. Historikarar fortel at brev kan gje verdifulle kunnskapar og forståing for ettertida.

Vi kan i dag lese om den første NMS-misjonæren Hans P.S. Schreuder som reiste til Sør-Afrika. Leiinga av Misjons-selskapet ønskte å kartlegge mogelegheitene for å starte opp misjon på Madagaskar. På denne reisa skreiv han eit brev på 24 tettskrivne sider til «Hovud-bestyrelsen» i Stavanger. Han skildrar bl. a. Dronninga si mottaking av han, og skildra reisa opp til hovudstaden.

Gabrielle Frøholm vart misjonær på Madagaskar. Ho fortalte at det gjekk eitt og eit halvt år utan kontakt med heimen under krigen. «Det var underleg å få eit månadsgamalt brev etter krigen var slutt.»

Frimerke måtte til, frå nokre øre til mange kroner i dag. Eit frimerke på brev frå Mali kosta lenge ei dagsløn.

Frimerke og frimerkesamlingar fortel mykje historie, så dei bør takast vare på.

Ikkje alle har greitt å følgje den digitale utviklinga. Dei eldre har ikkje hatt opplæring. Det fører til frustrasjon mange gonger, så eldre saknar det gamle brevet.

Eit handskrive brev eller kort er noko meir enn ei elektro-nisk helsing vil eg påstå. Det er meir konkret og kan takast fram når som helst.

Vi nærmar oss jul. Mange ventar på ei helsing. Kan eg oppmode deg om å sende ei ekstra helsing i denne adventstida?

Minkar brevskrivinga, så har vi framleis dei mange breva i Bibelen. Av 66 bøker er 21 brev. Paulus har 13, og 7 er skrivne av apostlane Peter og Johannes og av Jakob og Judas som var halvbrør til Jesus. Brevet til hebreane er mulig skrive av ein av Paulus sine medarbeidarar. Romar- og Korint-brevet ruver med sine 16 kapittel. Les gjerne eitt av breva!


Paulus starta breva sine med ei helsing: Nåde vere med dykk, og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

*Lukke til med julehelsingane!*





Slekt  
skal følgje  
slekters  
gang



### Frå kyrkjebøkene

**Sokna Innnvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Stryn - Loen - Oppstryn**

#### Hornindal

##### Døypte

- 01.10 **Odin Hole Torset**  
For. Helene Hole og Erik Gundersen Torset  
22.10 **Gaute Liljedal Myklebust**  
For. Mariann Rislov Liljedal og Egil Myklebust

##### Døde

- 15.09 **Alfred Johan Flåm** f. 1945

#### Innnvik

##### Døypte

- 12.08 **Olivia Watten Westvik**  
For. Linda Watten og Håkon Westvik, busett i Innnvik, døypt i Dale kyrkje, Luster

#### Randabygd

##### Døde

- 17.09 **Jakob Hammer** f. 1954

#### Utvik

##### Døde

- 04.10 **Vilhelm Hage** f. 1931

#### Nordsida

 *Det var heilt stille, så stille at ein kunne høyre lysa snakke til kvarandre. Det første lyset sukka og sa: "Mitt namn er fred. Eg skin så klårt, men menneska vil ikkje ha fred". Lyset vart mindre og mindre, til slutt sløkte det heilt.*

 *Det andre lyset sa: "Mitt namn er tru. Men eg er vorte overflødig. Menneska har mist trua si". Så sløkte det andre lyset.*

#### Olden

##### Døypte

- 24.09 **Ylva Beinnes-Røstenskar**  
For. Lene Jeanett Beinnes-Røstenskar og Kim-Roger Røstenskar

##### Døde

- 05.09 Ingrid Marie Myklebust f. 1993  
10.09 Kristi Anne Flo Flåten f. 1935  
07.10 Martha Vangberg f. 1929

#### Loen

##### Vigde

- 14.10 Gunhild Alis Berge Stang og Roy Sævik

##### Døde

- 11.10 Lars Ivar Loen f. 1939

#### Oppstryn

##### Døypte

- 07.10 **Matheo Vabø Nesje**  
For. Birthe Vabø og Eirik Botnen Nesje

##### Døypte

- 01.10 **Elias Vik Guddal**  
For. Lone Kathinka Elisabeth Vik og Andreas Guddal  
01.10 **Ragnvald Rørtveit**  
For. Haldis og Bjørn Magnus Rørtveit

##### 15.10

- Leonarda Belden Pavlovic**  
For. Signe Elisabeth Belden Pavlovic og Leon Pavlovic  
29.10 **Vanessa Lunde**  
For. Rosmari Myre og Edgar Lunde

##### Døde

- 18.09 **Gjertud Kirkeeide** f. 1929



*Trist og med låg stemme sa det tredje lyset: "Mitt namn er kjærleik. Eg eig ikkje lenger kraft til å brenne. Menneska overser meg". Også det tredje lyset sløkte.*



*Eit barn kom inn i rommet, såg redd på lysa og sa: "Dokke skal jo lyse og ikkje sløkkje! Kvifor vil dokke ikkje brenne?" Då høyrdes plutseleg stemma til det fjerde lyset: "Vær ikkje redd! så lenge eg brenn, kan*

*vi tenne dei andre lysa igjen. Mitt namn er Håp". Då tok barnet ein flamme frå håpets lys med ei fyrtikk og tente på nytt alle dei andre lysa.*



*Fred - tru - kjærleik - håp*

**3. og 4. februar i Randabygd kyrkje**

3. og 4. klassingar frå Nordsida og Randabygd

**10. og 11. februar i Innvik**

3. og 4. klassingar frå Utvik og Innvik

**10. og 11. februar i Nedstryne kyrkje**


for 3. klassingar frå Nedstryne

**Bli med på tårnagenthelg!**

Det er ei unik moglegheit til å få utforske kyrkja di.

Saman skal vi løyse spennande oppdrag og mysterie og vi skal sjølvsagt opp i klokketårnet!





# Søndag er kyrkjedag

## Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: [stryn.kyrkja.no](http://stryn.kyrkja.no) og på facebook: Kyrkje i Indre Nordfjord  
Heimeside: [www.volda.kyrkja.no](http://www.volda.kyrkja.no)

*Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene*

### 03. desember;

- 1. s i adventstida – Luk 4,16-22a
- Nedstryn 11:00
- Gudsteneste. Lys Vaken
- Olden 11:00
- Gudsteneste. Lys Vaken
- Rand grrendahus 12:00
- Gudsteneste og basar
- Hornindal 19:00 Lysmesse

### 10. desember;

- 2. s i adventstida – Luk 21,27-36
- Oppstryr 11:00
- Gudsteneste
- Nordsida 11:00
- 50 årsjubileum
- Gudsteneste. Lys Vaken.
- Utvik 15:00 Syng jula inn
- Innvik 17:00 Julekonsert
- Loen 18:00 Julekonsert
- Olden 20:00 Lysmesse

### 13; desember; onsdag

- Hornindal Julekonsert

### 14. desember; torsdag

- Oppstryr 20:00 Julekonsert

### 17. desember;

- 3. s i adventstida – Luk 3,7-18
- Ljosheim 11:00
- Førjulsgudsteneste
- Nordsida 15:00 Julekonsert
- Olden 16:00 Julekonsert
- Nedstryn 19:00 Julekonsert

### 24. desember;

- 4. s i adventstida – Luk 1,39-45
- Julafta – Luk 2,1-20
- Oppstryr 12:00
- Julegudsteneste
- Nordsida 13:00
- Julegudsteneste
- Loen 13:30 Konsert og kl.
- 14:00 Julegudsteneste
- Olden 14:00
- Julaftagudsteneste
- Utvik 14:30
- Julaftagudsteneste

### - Randabygd 15:00

- Julegudsteneset
- Innvik 16:00
- Julaftagudsteneste
- Nedstryn 16:15
- Julegudsteneste

### 25. desember;

juledag – Joh 1,1-14

- Olden 12:00
- Høgtidsgudsteneste
- Hornindal 12:00
- Høgtidsgudsteneste
- Oppstryr 13:00
- Høgtidsgudsteneste

### 26. desember;

2. juledag / Stefanusdagen

- Matt 10,16-22
- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00
- Gudsteneste
- Betania, Stryn 12:00
- Gudsteneste m/juletregong
- Randabygd 13:30
- Dåpsgudsteneste

### 31. desember;

Romjulssøndag

- Luk 2,36-38
- Hornindal 11:00
- Nyttårsgudsteneste
- Nedstryn 19:00
- Kveldsgudsteneste

## 2024

### 01. januar; nyårsdag

- Matt 1,20b-21
- Nedstryn 12:00
- Internasjonal gudsteneste

### 07. januar;

Kristi openberringsdag – Luk 2, 40-52

- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Minning av dei døde
- Nordsida 11:00
- Gudsteneste

### - Hornindal 11:00

- Gudsteneste

### 14. januar;

2. s i openberringstida

- Mark 1, 3-11
- Nedstryn 11:00
- Speidargudsteneste
- Innvik 11:00 Gudstenest
- Utvik 11:00 Gudstenest

### 21. januar;

3. s i openberringstida

- Joh 4, 4-26
- Oppstryr 11:00
- Gudsteneste
- Bygdehuset, Loen 16:00
- Gudsteneste og årsmøte

### 28. januar;

Såmannssøndag

- Mark 4, 26-34
- Nedstryn 11:00
- Gudsteneste
- Olden 11:00
- Gudsteneste. Kyrkjehelg for funksjonshemma
- Hornindal 11:00
- Gudsteneste

### 04. februar;

Kristi forklæringsdag - Mark 9, 2-13

- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Randabygd 11:00
- Gudsteneste. Tårnagent

### 11. februar;

Fastelavnsøndag - Joh 12, 20-33

- Nedstryn 11:00 Gudstene
- ste - Tårnagent - Karneval
- Innvik 11:00 Gudsteneste

Tårnagent

- Nordsida 11:00
- Karnevals

gudsteneste

### 14. februar;

Oskeonsdag – Matt 12, 38-42

- Olden 20:00

Kveldsgudsteneste

**18. februar;**

1. s i fastetida – Matt 16, 21-23  
 - Oppstryn 11:00 Gudstene-  
 ste  
 - Olden  
 - Hornindal 19:00 Kveldsgud-  
 steneste

**25. februar;**

2. s i fastetida – Luk 7, 36-50  
 - Loen 11:00 Gudsteneste  
 - Nedstryn 19:00 Salmekveld  
**10. mars;**  
 4. s i fastetida – Joh 3, 11-16  
 - Nedstryn 11:00

## Gudsteneste

- Nordsida 11:00

## Gudsteneste

**17. mars;**

- Maria Bodskapsdag – Luk 1, 46-55  
 - Oppstryn 11:00  
 Gudsteneste

Vi takkar hjartelig for din  
 innbetaling av bladpengar til  
**Kontonr 0538 18 51054**

**NB!**

I år legg vi ikkje med eige innbetalingskort  
 Du kan eventuelt ta kopi av denne sida

**Hjalmar** av Nils Axle Kanten



Med tillatelse frå Bulls Pressetjeneste



## Informasjon/ Fulldistribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden

### Juleevangeliet etter Lukas



I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Josef òg fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davids byen, som heiter Betlehem, for han høyrdet til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn.

Og medan dei var der,

kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herberget.

Det var nokre gjætarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei følande redde. Men engelen sa til dei: «*Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.*»

Brått var det ein stor himmel hær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

*«Ære vere Gud i det høgste,  
og fred på jorda  
blant menneske som Gud  
har hugnad i!»*

Då englane hadde fare frå dei og attende til himmelen, sa gjætarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrdet på, undra seg over det gjætarane fortalte. Men Maria gjøymde alt dette i hjarta sitt og grunda på det. Og gjætarane vende attende, medan dei lova og prisa Gud for det dei hadde høyrt og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.



Neste nummer får du i posten 20. - 21. mars. Redaktør vert Geir Ståle Vatnamo.  
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: [skogli.vatnamo@gmail.com](mailto:skogli.vatnamo@gmail.com) innan 16. februar.